

SURNADAL KULTURHUS



Leigevilkår utleigesatsar og reglement

Pr. 01. januar 2015.

Generelle leigevilkår for Surnadal kulturhus:

1. Lokala kan leigast ut til konsertar/teater og andre kulturelle forestillingar og øvingar, og til konferansar messer, stemne og møteverksemd. I enkelte tilfelle òg private arrangement (t.d. bursdagsselskap).
2. Det er *Surnadal kommune ved kulturhusleiar* som står for utleige til kulturelle aktivitetar, medan *Vårsøg hotell* har ansvar for møteverksemd, konferansar etc. Leigetakar er ansvarleg for å gjere seg kjent med reglementet og rømningsvegar (sjå eget oppslag/instruks). Leigetakar (ved konferansar osb. Vårsøg hotell) har ansvar for å rydde etter seg, slå av lys, lukke dørar og vindaugar. Det skal som regel vere personell enten frå kulturhusadministrasjonen eller frå Vårsøg hotell tilstade når huset er leid ut. Ved eventuelt lån av nøkkel skal denne leverast tilbake seinast dagen etter arrangementet.
3. Lokala og inventaret skal behandlast med varsemd og forlatast i den stand ein fant dei. Golvet skal kostast, stolar og bord skal settast tilbake til standardoppsett. Ved bruk av kjøkken, kokeplater, kaffetraktar og anna kjøkkenutstyr skal dette vaskast opp.
4. Eventuell skade eller manglar som oppdagast når ein kjem, eller som oppstår undervegs skal varslast til kulturhusleiar eller resepsjonen i Vårsøg hotell snarast. Leigetakar er ansvarleg for skadar på bygg eller inventar/utstyr som skyldast likesæl handsaming.
5. Lag, organisasjonar eller enkeltpersonar som ikkje overheld ordensreglementet, kan nektast retten til å leige i kulturhuset for eit bestemt tidsrom, dette blir vurdert av kommunen i kvart enkelt tilfelle.
6. Lokala skal brukast i følge leigeavtalen (tidspunkt og formål), ein kan ikkje ta i bruk andre lokal eller utstyr enn det som inngår i avtalen. Ved brot på reglementet kan leigeavtalen opphøre.
7. Kulturhuset sin rett till ikkje å leige ut: Surnadal kulturhus føreheld seg retten til ikkje å leige ut til arrangement ut frå ei totalvurdering av kapasitet og publikumsgrunnlag.



Utleigesatsar Surnadal kulturhus:

Storstua	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Kulturarrangement	0	3500	20% min 5000 el. 12500
To forestillingar pr. kveld (same artist/show)	0	50% av grunnleige	50% av grunnleige
Møter/konferansar u/bill		3500	
Leige pr/t (øving m.v.)	0	250	1660
Billettprovisjon	20	20	20
Reinhald (pr gong)	780	780	
Teknikar (pr/t)	450	450	450

Kammerset	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Leige av sal	0	1500 (Billett ev. pr. time)	3000
Leige av sal per time	0	300	
Billettprovisjon	20	20	
DVD etc	420	420	
Teknikar	450	450	

Svorkasalen*	Barn/unge	Frivillige lag..
Leige av halv sal	<i>Vi leiger ut berre heil sal fram til skiljeveggen er reparert</i>	
Leige av sal(1/1 sal - heil dag)	0	1000
Leige av sal (1/1 sal pr/t)	0	160
Reinhald pr/gong	520	520
Billettprovisjon	20	20
Teknikar	450	450
Bursdagselskap	750	750

*Utleige av Svorkasalen til kommersielt bruk, blir gjort av Vårsøg hotell

Finstua	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Leige av sal	0	0	420
Salsutstilling	20%	20%	20%
Teknikar	450	450	450

Foajeen	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Leige av rom	0	0	1560
Teknikar (pr/t)	450	450	450
Billettprovisjon	20	20	20



Møterom bibliotek	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Husleige pr dag	0	0	
Husleige pr time	0	0	

Rockerommet	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Husleige u/studio	0	0	450
Husleige m/studio	0	500	1000
Studio lyd opptak		1000	1750

Kulturhusplassen ute	Barn/unge	Frivillige lag..	kommersielle
Utstillarar (pr/dag)	0	100	100

Eigen prislister for teknisk utstyr etc. Ein føresetnad for reduserte priser (lag og organisasjonar) er at leigetakarane sjølve står for rigging/rydding, ev. at det avtalast eit tillegg i prisen.

Prislister på utstyr i Surnadal kulturhus

Teknisk utstyr:	B og U	Frivillig	Kommersielle	Hotellet
PA (lyd) stor pakke	780	1000	2000	2000
PA (lyd) liten pakke	260	500	1000	1000
Lys stor pakke	940	1000	2000	2000
Lys liten pakke	520	500	1000	1000
Flygel m/stemming	1500	1500	2500	2500
Flygel u/stemming	750	750	1000	1000
Songanlegg/lysanlegg mobilt	300	300	600	
Teknisk personell	450	450	450	450
Bærehjelp	600	600	600	
Forbruksmateriell	1000	1000	1000	

Pris per gong/kveld om ikkje anna er oppgitt, egen avtale ved øving til større prosjekt.

Personell

Etter nærare avtale. Tillegg for laurdag/helg og høgtider: 50%

Lys/lydmann: 450 kroner per time (som vist i matrise), dette gjeld berre kulturhuset sitt eige personell. Ved bruk av eksterne (godkjent) personell, vil prisen bli fakturert via det firma som blir nytta og kjem i tillegg til avtalen som er inngått med kulturhuset.

Det betalast for minimum 2 timar per oppmøte. Dagpris kan avtalast spesielt.

Ved behov for teknisk personell (lyd, lys, rigging) må dette avtalast i god tid og seinast 4 veker før arrangementet. Det same gjeld om det er behov for bærehjelp.



Merknadar som gjeld utleigesatsane:

1. Frivillige lag og organisasjonar i Surnadal, Halså og Rindal leiger til redusert pris, barn/unge, lag og foreiningar utanom Halså, Rindal og Surnadal betaler 50 % av kommersiell pris.
2. Grupper med krav på gratis leige er: barn og unge under 19 år (inkl. russerevyen). Det skal betalast for reingjering, bruk av teknisk personell og utstyr, unnateke tre forestillingar for kulturskolen, eit prosjekt frå ungdomsskolen og eit prosjekt frå grunnskolen. Desse fem arrangementa betaler berre for eventuell bruk av teknisk personell.
3. Grupper som har krav på redusert bruk må ikkje oppta rom som stenger for kommersiell utleigeverksemd (gjeld ved lengre øvingsperiodar i Storstua). I slike tilfeller må ein gå inn i ein dialog for å finne ei alternativ løysing for den øvingskvelden/dagen som går tapt.
4. Vårsøg hotell leiger ut Svorkasalen.
5. Surnadal kommune bruker Svorkasalen til sine kommunestyremøtar, dette er regulert av samarbeidsavtalen mellom Vårsøg hotell og Surnadal kommune, kommunen skal varsle om planlagde møter for eit halvt år i gongen, og skal snarast råd og utan opphald varsle om endringar i den oppsette møteplana. Ved andre kommunale møter vil dei vanlege satsane til Vårsøg hotell brukast.
6. Utleigesatsane til Surnadal kulturhus blir vedteke av kommunestyret kvart år. Vårsøg hotell bestemmer sjølv sine prisar for utleige til sine kundar.
7. Alle utleigeforhold på huset skal regulerast av ein skriftleg avtale mellom Surnadal kulturhus og leigetakar, det er kulturhusleiaren som underskriv kontrakten for utleigar.
8. Surnadal kulturhus tek 20 kroner per billett i billettprovisjon. Dette dekker utgifter til administrasjon, billetter og systemvare.
9. Frivillige lag og organisasjonar kan ta med seg kaffe og kaffebrød når dei leiger møterommet i sokkeletasjen, elles er det ikkje lov, utom i følgje spesiell avtale med hotellet.
10. Surnadal kulturhus vil ha retten til ikkje å leie ut salar ut frå ei totalvurdering av kva som tidligare er booka på huset publikumskapasitet, inntening etc.



Utleigereglement ved arrangement i Surnadal kulturhus

Bemanning

Ved utleige/arrangement vil ein person frå kulturhuset/Vårsøg hotell vere tilstade i inntil 2 timar for leigetakar, denne personen skal stå for låsing, informasjon og anna rettleiing, men skal ikkje vere ekstramannskap ved bæring, rigging eller vakthald.

Vakthald

Billettkontroll kan utførast av leigetakar, kulturhuset kan om ønskeleg hjelpe til med dette.

Servering

Vårsøg hotell har einerett på servering og skjenking (i følgje vedteke løyve) i kulturhuset.

Billettsal

Alt billettsal skal gå gjennom kulturhusets billettsystem. Kulturhuset tek ein billettprovisjon på 20 kroner per billett. Billettar kan kjøpast på kulturhuset eller via kulturhuset heimeside.

Ved ev. avlysing dekker leigetakar billettprovisjonen pluss kr. 5,- i administrasjonsutgift per selde billett.

Surnadal kulturhus aksepterer følgebevis, dette gjeld òg for leigetakarar ved opne arrangement.

Surnadal kommune har avtale med Møre og Romsdal fylke om kulturrabatt for ungdom. Kulturrabatten gir ungdom rett til 25% avslag på billetten, dette gjeld aldersgruppa 16 – 20 år (15 år på kino). Kulturhuset får refundert denne rabatten frå fylket. Surnadal kulturhus har kulturrabatt på alle kinoforestillingar og forestillingar i Storstua der kommunen gjennom kulturhuset står som arrangør.

Lys

Lysutstyr og lysteknikar er ikkje inkludert i leiga. Ved behov for lys og lysutstyr utover standard scenebelysning som er tilgjengeleg på kulturhuset, må dette leigast inn frå eksternt

firma. Personell som skal betene dette utstyret skal leigast gjennom kulturhuset, eller vere godkjent av kulturhuset.

Lyd

PA-anlegg og lydteknikar er ikkje inkludert i leiga. Ved behov for lyd og lydutstyr utover standard lydanlegg som er tilgjengeleg i kulturhuset, må dette leigast inn frå eksternt firma. Personell som skal betene dette utstyret skal leigast gjennom kulturhuset, eller vere godkjent av kulturhuset.

Scenemannskap og bærehjelp

Dette er personell som ikkje er inkludert i leigeprisen, dersom dette ikkje er avtala særskild. Surnadal kulturhus kan skaffe personell om det blir gitt beskjed om dette i god tid. Leigetakar har arbeidsgjevaransvar for dette personalet om ikkje anna er avtala.

TONO

Leigetakar/arrangør har ansvar for TONO avgifta, dette gjeld både rapportering og avgiftsdekking.

Rettigheitar

Arrangement som krev godkjenning frå rettighetsinnehavar, må ikkje framførast utan at denne er innhenta. Kulturhuset har berre ansvar for å innhente løyve for eigne produksjonar.

Spesialeffektar

All bruk av røykmaskin, pyroeffektar og eksplosive stoff må avtalast spesielt med kulturhuset før arrangementet. Slikt utstyr skal handsamast av kvalifisert personell.

Leigetakar vil bli fakturert for skadar og ekstra utgifter som blir påført bygning og personell ved bruk av spesialutstyr.

Open varme er strengt forbode utan at det blir satt i verk kompensierende tiltak som ekstra vakhald etc. Kulturhuset sin brannvernleiar skal vere informert om dette ved alle høve.



Annonsering/marknadsføring

Kulturhuset annonserer sine aktivitetar jamt, leigetakarane sine arrangement kan takast med i denne annonseringa mot betaling. Om leigetakar annonserar sjølve må leigetakar ta ansvar for at billettopplysningar og annan informasjon er korrekt.

Informasjon på heimesida til kulturhuset er inkludert i prisen, det same gjeld i den grad det blir sendt ut informasjonsbrosjyre frå kulturhuset.

Leigetakar må levere ferdig materiell (tekst, bilde) til kulturhuseleiar seinast den 15. månaden før arrangementet skal gjennomførast. Plakatar (B=50 x H=70) leverast til kulturhuset og vil bli sett opp før arrangementet.

Tilleggsavtalar

Surnadal kulturhus vil alltid gjere sitt beste for at kvart arrangement og kvar leigetakar får best mogleg sørvis og hjelp. Tilleggsavtalar kan kome til etter at kontrakten er underskriven, men det oppfattast ikkje som kontraktbrot om ikkje desse kan bli oppfylde.

Artistgarderobar

Leigetakar kan bruke garderobane etter inngått avtale. Garderobane skal ryddast etter bruk.

Reinhald og rydding

Leigetakar har ansvar for å rydde alle lokal som har vore nytta, dvs. feie golv, tømme søppel og sette på plass inventar. Normalt reinhald er inkludert i prisen (dette gjeld ikkje arrangement med gratis husleige, dette med dei unntak som ligg i beskrive i merknadane til utleigesatsane pkt. 2).

Fribillettar

Kulturhuset skal disponere inntil 10 fribillettar til kvart arrangement. Når det er arrangement med fleire forestillingar skal inntil 6 billettar pr. forestilling frigiast til kulturhuset.

Reklame og oppslag

Reklame og oppslag om forestillingar og arrangement i kulturhuset skal fortrinnsvis skje via infoskjermer i kulturhuset, og skal godkjennast av kulturhuset. Oppslag og plakatar som ikkje er godkjent vil bli fjerna.

Leigeprisar

Basisleige gjeld leige av salar og lokal ved forestilling (enkeltvis) inntil 7 timar. Tillegg ved fleire forestillingar, tid til rigging og prøver avtalast særskild.

Brann og sikkerheit

Leigetakar pliktar å sette seg inn i gjeldande sikkerheitsrutinar og branninstruksar for kulturhuset, og må rette seg etter pålegg gitt av kulturhuset sin brannvernleiar.

Tidsavgrensa utkopling av brannalarmen skal godkjennast av brannvernleiaren, han vil fastsette kompenserande tiltak som ekstra vakthald m.v. Leigetakar på sjå til at alle rømningsvegar er opne til einkvar tid.

Anna ansvar pålagt leigetakar

Leigetakar har erstatningsplikt dersom skadar på utstyr, inventar, personar etc. oppstår på grunn av uvørden framferd.